



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Møterommet, Midsund omsorgssenter
Dato:	16.03.2017
Tid:	10:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Frits Inge Godø	NESTL	V
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP
Inger Lise Trønningdal	MEDL	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Adrian Sørлие	MEDL	H

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Randi Anna Hånes	Adrian Sørлие	H
Rolf Kristiansen		FRP
Per Steinar Orvik	Arnstein Misund	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Siv Janne Håseth-Eik	Rådgjevar oppvekst
Britt Rakvåg Roald	Prosjektleiar nye Molde kommune
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Odd Helge Gangstad

Frits Inge Godø

Nora Helen Dyrseth Blø

Inger Lise Trønningdal

Randi Anna Hånes

Rolf Kristiansen

Per Steinar Orvik

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/15	Referatsaker	
PS 17/16	Stortingsvalet og sametingsvalet 2017 - Oppnemning av valstyre og val av leiar og nestleiar	2016/223
PS 17/17	Skuleutbygging - Midsund skule 2016 - val av løysingar før anbodsprosess	2016/556
PS 17/18	Bytting av traktor - 2017	2017/122

Det vart halde eit utvida formannskapsmøte den 16.03.17 ved Midsund Omsorgsenter. Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad og tok til kl 10:00.

Adrian Sørli hadde meldt forfall og Randi Anna Hånes møtte som vara. Arnstein Misund hadde meldt forfall og Per Steinar Orvik møtte som vara.

Det var 7 voterande og utvida formannskap var fulltaleg og vedtaksfør.

Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart samrøystes godkjent.

Inge Rakvåg orienterar om uttak av masse ved Straumsneshaugen til utfylling ved Antonbua og dette vart drøfta i formannskapet.

Britt Rakvåg Roald orienterer om status for arbeidet med nye Molde kommune.

PS 17/15 Referatsaker

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 16.03.2017

Protokoll frå møtet den 06.03.17 vart godkjent.

PS 17/16 Stortingsvalet og sametingsvalet 2017 - Oppnemning av valstyre og val av leiar og nestleiar

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre oppnemner følgjande medlemmer til valstyret:

Leiar:

Nestleiar:

Medlemmar:

Midsund kommunestyre delegerer til valstyret å oppnemne medlemmer til røystestyra, jf. vallova § 4-2.

Behandling i Formannskapet - 16.03.2017

Følgjande vart føreslått til valstyre:

Leiar: Ordførar Odd Helge Gangstad

Nestleiar: Varaordførar Frits Inge Godø

Medlemmar: Faste medlemmar av formannskapet Inger Lise Trønningdal, Adrian Sørli og Nora Helen Dyrseth Blø.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 16.03.2017

Midsund kommunestyre oppnemner følgjande medlemmer til valstyret:

Leiar: Ordførar Odd Helge Gangstad

Nestleiar: Varaordførar Frits Inge Godø

Medlemmar: Faste medlemmar av formannskapet Inger Lise Trønningdal, Adrian Sørli og Nora Helen Dyrseth Blø.

Midsund kommunestyre delegerer til valstyret å oppnemne medlemmer til røystestyra, jf. vallova § 4-2.

PS 17/17 Skuleutbygging - Midsund skule 2016 - val av løysingar før anbudsprosess

Forslag til vedtak frå byggjenemnda den 06.03.17:

1. Byggenemnda tek rapporten frå arbeidsgruppa til orientering.
2. Byggenemnda rår til at ein går vidare med skuleprosjektet basert på tilrådingane frå arbeidsgruppa:
 - Nybygget for 1-7 årssteg blir plassert aust på tomta (som i forprosjektet 2011)
 - Ungdomsskule på vestfløya – 3 rom på 60 m² i eksisterande bygg, 2 rom på 70 m² og 1 rom på 90 m² + grupperom/gangar/wc i nytt tilbygg.
 - Administrasjonen heile austfløya.
 - Kulturskulen får dei romma dei har i dag + romma til vaksenopplæringa.
 - Vaksenopplæringa plassert i nybygget (barneskulen).
 - Søke løysingar der det vert fokusert på fleksibilitet og fleirbruk.
3. Byggenemnda rår til at det vert anbuds konkurransen med samhandling.

Behandling i Formannskapet - 16.03.2017

Teknisk sjef Inge Rakvåg orienterer om status for prosjektet.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 16.03.2017

4. Byggenemnda tek rapporten frå arbeidsgruppa til orientering.
5. Byggenemnda rår til at ein går vidare med skuleprosjektet basert på tilrådingane frå arbeidsgruppa:
 - Nybygget for 1-7 årssteg blir plassert aust på tomta (som i forprosjektet 2011)
 - Ungdomsskule på vestfløya – 3 rom på 60 m² i eksisterande bygg, 2 rom på 70 m² og 1 rom på 90 m² + grupperom/gangar/wc i nytt tilbygg.
 - Administrasjonen heile austfløya.
 - Kulturskulen får dei romma dei har i dag + romma til vaksenopplæringa.
 - Vaksenopplæringa plassert i nybygget (barneskulen).
 - Søke løysingar der det vert fokusert på fleksibilitet og fleirbruk.
6. Byggenemnda rår til at det vert anbodskonkurranse med samhandling.

PS 17/18 Bytting av traktor - 2017

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å budsjettregulere ca. kr. 250.000,- frå prosjekt 403 bilar til prosjekt 401 anleggsmaskiner. Resterande blir ståande på prosjekt 403.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 16.03.2017

Kommunestyret vedtek å budsjettregulere ca. kr. 250.000,- frå prosjekt 403 bilar til prosjekt 401 anleggsmaskiner. Resterande blir ståande på prosjekt 403.

Møtet vart heva kl 11:30.